



Info til deg som ønskjer å leige kommunale bygg til private arrangement

Søknaden skal sendast postmottak@hoyanger.kommune.no

Sakshandsamar for søknaden er den som er ansvarleg for lokale, t.d. rektor for samfunnshusdel. Sakshandsamar tek ansvar for å vurdere og svare ut søknaden. Søkjar skal ha skriftleg tilbakemelding.

Søknaden skal innehalde:

- Ansvarleg
- Føremål med arrangementet
- Dato og tidspunkt
- Tal deltakarar
- Plan for smitteverntiltak

Smitteverntiltak:

- Tal deltakarar må ikkje vere over 50 personar
- Iverksette tiltak som bidreg til at sjuke ikkje er til stades. Evt: screening av deltakarar før arrangementet.
- Liste over deltakarar som skal innehalde namn og telefonnummer
- Bord og stolar må vere plasserte med god avstand og deltakarar må kunne halde 1 meters regelen.
- Må berekne 4 m² per person. I lokale der personar sitt i ro under arrangementet (f. eks ved bord eller i ein sal) vil arealbehovet kunne vere noko mindre
- Barn og unge som er i same kohort i barnehage eller på barneskule er unnateke frå kravet om avstand på arrangement
- Handsprit ved inngang og elles lett tilgjengeleg i lokalet.
- Sørgje for bordservering om arrangementet har skjenkebevilling
- Ekstra reinhald. Sjå eigen prosedyre om krav til reinhald, jfr vedlegg

Lenke til Nasjonale retningsliner

Arrangement, samlingar og aktivitetar: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/anbefalinger-ved--store-arrangementer-knyttet-til-koronasmitte-i-norge/>

Reinhald: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/rad-og-informasjon-til-andre-sektorer-og-yrkesgrupper/rengjoring-og-desinfeksjon-ved-covid-19-til-sektorer-utenfor-helsetjenesten/>

Lovdata: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5



Prosedyre på reinhald mellom grupper i samfunnshus og idrettshall

Det er den enkelte gruppe som er ansvarleg for å gjere reint etter seg, før neste gruppe kjem.

Ein treng micromoppar, blå microklutar og vatn. Dette skal reinhaldar legge fram slik at det er tilgjengeleg.

Toaletta skal helst ikkje nyttast. Blir dei likevel brukt må dei reingjerast. Reinhaldar kan legge fram hanskar, rosa microklutar og sanitærreint. Rosa klut skal brukast på vask og toalett.

Etter bruk skal alt som ein har tatt på vaskast over med ein blå microklut fukta med vatn.

Døme på overflater som må reingjerast er:

- Dørhandtak
- Lysbrytar
- Stolar
- Bord
- Gulv – ved behov; «rulling»/svette/søl og «spytt»

Ein brettar kluten slik at ein får 8 reine sider og vaskar over. Skift side på kluten ved kvar ny flate de reingjer og bruk rikelig med klutar.

Golvet moppar ein over med ein fuktig micromopp, det skal ikkje ligge igjen vatn på golvet når de forlèt lokalet.

Legg alt brukt utstyr i ein pose så tar reinhaldar det neste dag.

Oppdatert 01.10.2020